

## Månadsbrev april 2023



Elevar, foreldre og lærarar hadde nokre flotte, innhaldsrike dagar i Väike-Maarja og Rakvere! Nå vonar me på besøk attende, truleg i september/oktober 2023. For 9. klasse vart det travelt, for det bar rett vidare til hospitering og arbeidslivs-praksis, men det var òg lærerikt. Elevane storkoste seg på alpindagen siste dag før ferien. Vel overstått påske! Nå går dagane fort mot fridagar i mai og sommarferie.

Lærarane byrja første arbeidsdag i april med digital konferanse om barnehagen og skulen er for alle, før alle var attende på skulen onsdag 12. april. Det var med andre ord skuleonsdag for 1.-4. klasse! Då var det ein fin poesikonsert for 1.-7. klasse i 4. time, medan elevrådet gjorde klart til karneval i gymsalen dei tre siste timane. Kanskje laga nokon fine gjenbrukskostyme til ein av karakterane i Shrek på slutten av ferien, eller kom som ein er, kanskje i ny skulegenser. Gratulerer til Karlis som vann teiknekonkurransen! (Underteikna var på dag to av konferansen..)

Fredag 14. april har 1. og 2. klasse ansvar for morgonsamling. Veka etter blir det skiaktivitetsdag på tysdagen, før friluftslivgjengen reiser på overnattingstur i telt retning Kvinen, dvs. lønsj til lønsj-tur 19.-20. april, og medium og kommunikasjonsgjengen tar ei langøkt på skulen onsdag ettermiddag/kveld. 24. april er verdas bokdag, så då blir det arbeid med to ulike bøker dei første fire timane. Denne gongen er 1.-5. klasse saman og 6.-10. klasse saman. Tysdag 25. er det SUR-møte på Sinnes frå morgonen av, og truleg SU- og SMU-møte på slutten av dagen. Der tek me mellom anna opp resultatata av vårutgåva av trivselsundersøkinga. De får meir informasjon i Visma-melding om ikkje så lenge.

I mars hadde me besøk av Idrettspatroljen som lærte elevane karate, og 27. april blir det ein ny idrett. I løpet av kalenderåret får me besøk åtte gonger og får prøva ut åtte ulike idrettar, så me er svært glade for at Idrettspatroljen i Rogaland køyrer litt feil og ut av eige fylke...

I april er ny kommunalsjef oppvekst i gang for fullt, så då er barnehage, skule og elevheim ein del av same eining. Det blir spanande! Nokon byrjar, andre sluttar. Inger har vore på Sinnes skule sidan 1982, dvs. 40 år og vel så det, men nå vil ho bruka tida på andre ting. Tilsette markerer dette 14. april. Tusen takk for god innsats, Inger!

Sinnes 09.04.23  
Åse-Berit (rektor)

